



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

Pressemelding

Nr.: 121/04

Dato: 25.10.2004

Den kulturelle skulesekken for 2004/2005:

Breitt kulturtilbod til barn og ungdom i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal har fått 4,4 millionar kroner frå Den kulturelle skulesekken. I Møre og Romsdal er det etablert eit allsidig kulturtilbod til elevane innan musikk, scenekunst, visuell kunst og kulturarv. Prosjekta skal engasjera og stimulera kulturinteressa hos elevane, og det er lagt stor vekt på eigenaktivitet.

Spesielle prosjekt:

For fjerde året på rad skal det arrangerast sirkuskurs for elevar i utvalde skular med instruktørar frå Kulturlauget. Saman med instruktørane skal elevane laga eit lite sirkusnummer. Nokre dagar etter siste kurs, kjem Sirkus Zorba på besøk. Då opptrer barna/ungdommen som ein del av den ordinære sirkusframsyninga.

For skuleåret 2004/2005 skal rundt 50 produksjonar turnera i fylket. Om lag 200 000 billetter er selt gjennom Kulturnista (inklusive vidaregåande skule). I tillegg kjem kurs for elevar, lærarar og andre kulturformidlarar.

Meir informasjon finst på www.kulturesekken.no